

AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 255/2024

2025/EØS/25/04

av 6. desember 2024

om endring av vedlegg I til EØS-avtala (Veterinære og plantesanitære tilhøve)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla EØS-avtala, særleg artikkel 98,

og ut frå desse synsmåttane:

- 1) Kommisjonenens gjennomføringsforordning (EU) 2024/1685 av 17. juni 2024 om godkjenning av eit preparat av glykosylert 1,25-dihydroksykolekalsiferol frå ekstrakt av *Solanum glaucophyllum* som tilsetjingsstoff i fôr til mjølkekyr⁽¹⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Kommisjonenens gjennomføringsforordning (EU) 2024/1723 av 20. juni 2024 om godkjenning av eit preparat av *Duddingtonia flagrans* NCIMB 30336 som tilsetjingsstoff i fôr til beitedyr av storfe, sau og geit som er meinte for mjølkeproduksjon (innehavar av godkjenninga: International Animal Health Products Pty Ltd, som er representert ved GAB Consulting GmbH)⁽²⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 3) Kommisjonenens gjennomføringsforordning (EU) 2024/1727 av 20. juni 2024 om tilbaketrekking frå marknaden av visse fôrtilsetjingsstoff⁽³⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 4) Denne avgjerda gjeld føresegnar om fôrvarer. Føresegnar om fôrvarer skal ikkje gjelde for Liechtenstein så lenge avtala mellom Det europeiske fellesskapet og Det sveitsiske eidssambandet om handel med landbruksprodukt er utvida til å omfatte Liechtenstein, som nemnd i tilpassing etter sektor i vedlegg I til EØS-avtala. Denne avgjerda skal difor ikkje gjelde for Liechtenstein.
- 5) Vedlegg I til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I EØS-avtala vedlegg I kapittel II, etter nr. 594 (Kommisjonenens gjennomføringsforordning (EU) 2024/1325), skal nye nummer lyde:

- ”595. **32024 R 1685:** Kommisjonenens gjennomføringsforordning (EU) 2024/1685 av 17. juni 2024 om godkjenning av eit preparat av glykosylert 1,25-dihydroksykolekalsiferol frå ekstrakt av *Solanum glaucophyllum* som tilsetjingsstoff i fôr til mjølkekyr (EUT L, 2024/1685, 18.6.2024).
596. **32024 R 1723:** Kommisjonenens gjennomføringsforordning (EU) 2024/1723 av 20. juni 2024 om godkjenning av eit preparat av *Duddingtonia flagrans* NCIMB 30336 som tilsetjingsstoff i fôr til beitedyr av storfe, sau og geit som er meinte for mjølkeproduksjon (innehavar av godkjenninga: International Animal Health Products Pty Ltd, som er representert ved GAB Consulting GmbH) (EUT L, 2024/1723, 21.6.2024).
597. **32024 R 1727:** Kommisjonenens gjennomføringsforordning (EU) 2024/1727 av 20. juni 2024 om tilbaketrekking frå marknaden av visse fôrtilsetjingsstoff (EUT L, 2024/1727, 21.6.2024).”

⁽¹⁾ TEU L, 2024/1685, 18.6.2024, ELI: http://data.europa.eu/eli/reg_impl/2024/1685/oj.

⁽²⁾ TEU L, 2024/1723, 21.6.2024, ELI: http://data.europa.eu/eli/reg_impl/2024/1723/oj.

⁽³⁾ TEU L, 2024/1727, 21.6.2024, ELI: http://data.europa.eu/eli/reg_impl/2024/1727/oj.

Artikkel 2

Teksta til gjennomføringsforordning (EU) 2024/1685, (EU) 2024/1723 og (EU) 2024/1727 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 7. desember 2024, på det vilkåret at alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala er sende inn(*).

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utferda i Brussel 6. desember 2024.

For EØS-komiteen

Anders H. Eide

Formann

(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.